

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Hyllestad kommune

Utval: Kontrollutval - Hyllestad kommune  
Møtedato: 08.03.2012  
Møtetid: 09.00  
Stad: Kommunestyresalen  
Møtenr.: 2/2012  
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Administrasjonssjefen og Ordfører i (sak 15, 16 og 17/12).  
Melding til: Ordfører (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemer.  
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

012/12: Godkjenning av innkalling og sakliste.  
013/12: Møtereferat 17.02.2012 – Godkjenning.  
014/12: Skriv og meldingar.  
015/12: Orientering – Skulebudsjett 2012.  
016/12: Orientering – Dispensasjon frå utdanningskrav ved Åfjorddalen Barnehage.  
017/12: Orientering – Taksering ved fastsetjing av eigedomsskatt.  
019/12: Eventuelt.

Hyllestad 01.03.2012.

Håkon Giil (s)  
Leiar

  
Vidar Øvrebø  
SEKOM - sekretariat

|                            |                      |                                                  |                                                                    |                 |                |                 |
|----------------------------|----------------------|--------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------|-----------------|----------------|-----------------|
| <b>Postadresse</b>         | <b>Kontoradresse</b> | <b>E-post</b>                                    | <b>Telefon</b>                                                     | <b>Telefaks</b> | <b>Org nr.</b> | <b>Bankgiro</b> |
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21      | <a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a> | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10     | 987 631 554    | 3705.08.32571   |

## 012/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 09.12.2011

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 08.03.2012 | 012/12           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Bystyret        | -          | -                | -      | Nei               |

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

## **013/12 MØTEREFERAT 17.02.2012 - GODKJENNING**

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 29.02.2012

| <b>Utval</b>  | <b>Dato</b> | <b>Utv.-<br/>Saksnr.</b> | <b>Status</b> | <b>Vedtaks-<br/>organ</b> |
|---------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutval | 08.03.2012  | 013/10                   | -             | Ja                        |
| Formannskap   |             | -                        | -             |                           |
| Kommunestyre  |             | -                        | -             |                           |

### **Saksvedlegg.**

- Utkast møtebok frå kontrollutvalsmøte 17.02.2012.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Møteboka vert godkjent.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

| HYLLESTAD KOMMUNE                                                              |                 | MØTEBOK            |            |
|--------------------------------------------------------------------------------|-----------------|--------------------|------------|
| KONTROLLUTVALET I HYLLESTAD KOMMUNE                                            |                 |                    |            |
| Møtestad:                                                                      | Møterommet      | Møtedato:          | 17.02.2012 |
|                                                                                |                 | Frå kl.:           | 09:00      |
|                                                                                |                 | Til kl.:           | 10:55      |
| <b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet:</b>                                      |                 |                    |            |
| 1. Håkon S Gill (Leiar)                                                        | Møtte:          | Forfall:           | Merknader: |
| 2. Sylvia Helms                                                                | X               |                    |            |
| 3. Stein Arne Solheim                                                          | X               |                    |            |
| 4. Øyvind Høye                                                                 | X               |                    |            |
| 5. Reidun Skår                                                                 | X               | X                  |            |
| <b>Personlege varamedlemmer:</b>                                               |                 |                    |            |
| 1. Monica Ekreskar                                                             | Møtte:          |                    |            |
| 2. Frank Høgmo                                                                 | X               |                    |            |
|                                                                                |                 |                    |            |
|                                                                                |                 |                    |            |
| <b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>                              |                 |                    |            |
| Ordfører Tore Bråstad får tilsendt møteinnk. til utvalet sine møter.           |                 |                    |            |
| <b>Andre som møtte:</b>                                                        |                 |                    |            |
| SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.                                              |                 |                    |            |
| Sjef for plan og utvikling Kjell Eide                                          |                 |                    |            |
| Konstituert rektor Hildegunn Hatlem                                            |                 |                    |            |
| Ordfører Jan Olav Gjerde                                                       |                 |                    |            |
| <b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet:</b>                               |                 |                    |            |
| <b>SAKLISTA I MØTET:</b>                                                       |                 |                    |            |
| 001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste                                   |                 |                    |            |
| 002/12 Skriv og meldingar                                                      |                 |                    |            |
| 003/12 Orientering - Dispensasjon frå utdanningskrav ved Åfjorddalen Barnehage |                 |                    |            |
| 004/12 Orientering - Taksering ved fastsetjing av eigedomsskatt.               |                 |                    |            |
| 005/12 Orientering - Skulebusjett 2012                                         |                 |                    |            |
| 006/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hyllestad.                        |                 |                    |            |
| 007/12 Møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad.                               |                 |                    |            |
| 008/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.                |                 |                    |            |
| 009/12 Medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn.                              |                 |                    |            |
| 010/12 Oppfølgingsliste 1-2012 Hyllestad.                                      |                 |                    |            |
| 011/12 Eventuell.                                                              |                 |                    |            |
| <b>Merknader:</b>                                                              |                 |                    |            |
| Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste                          |                 |                    |            |
| <b>UNDESKRIFTER:</b>                                                           |                 |                    |            |
| 6957 Hyllestad 17.02.2012.                                                     |                 |                    |            |
| Håkon Gill, leiar                                                              | Sylvia Helms    | Stein Arne Solheim |            |
| Øyvind Høye                                                                    | Monica Ekreskar |                    |            |
| Vidar Øvrebø, sekretær                                                         |                 |                    |            |

## 001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 09.12.2011

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 17.02.2012 | 001/12           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Bystyret        | -          | -                | -      | Nei               |

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

## 002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 09.02.2012.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 17.02.2012 | 002/12           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg

- SM 01-12: Kommunestyrevedtak 049/11 – Val til styret i SEKOM
- SM 12-12: Brev frå revisjonssjef forvaltning Charles Litsheim til KRYSS-revisjon v/Dagleg Leiar Terje Førde. «Vurdering av uavhengigheit – Revisjonsplanen for Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Hyllestad og Solund kommune 2012, datert 08.02.2012.
- SM 03-12: Årsrapport for 2011 – Skatteoppkrevjaren i Hyllestad kommune, datert 17.01.2012.
- SM 04-12: Brev frå KRYSS-revisjon til Hyllestad kommune – Tinging frå kontrollutvalet i Hyllestad; - Overordna analyse – Hyllestad kommune 2012, datert 7. februar 2012.
- SM 05-12: Brev frå KRYSS-revisjon til Hyllestad kommune – Engasjementsbrev – Hyllestad kommune, datert 9. februar 2012.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# 003/12 ORIENTERING – DISPENSASJON FRÅ UTDANNINGSKRAV VED ÅFJORDDALEN BARNEHAGE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 09.02.2012.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 17.02.2012 | 03/12            | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

## Saksvedlegg

- Delegasjonsreglement frå administrasjonssjefen til stabsleiarar, tenesteleiarar og andre tilsette i Hyllestad kommune.
- Reglement for Administrasjonsutvalet – Vedteke i Hyllestad kommunestyret 20.12.2011, sak 88/11.
- Brev frå Styreleiar i Åfjordalen Barnehage «Søknad om dispensasjon frå utdanningskrav», arkivnr. 10/502-6, datert 14.juni. 2011 **(Ikkje offentleg)**
- Brev frå Styreleiar i Åfjordalen Barnehage «Søknad om dispensasjon frå utdanningskrav», arkivnr. 10/502-7, datert 14.juni. 2011. **(Ikkje offentleg)**
- Brev frå Hyllestad kommune til Åfjorddalen Barnehage «Søknader – dispensasjon frå utdanningskrav» datert 23.06.2011. **(Ikkje offentleg)**
- Avviskmelding – «Gjeld dispensasjon frå utdanningskravet for tilsette i Åfjordalen Barnehage AS.» datert 2.8.2011. **(Ikkje offentleg)**

## Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

## Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak.

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saka vart utsett til møte i kontrollutvalet i Hyllestad den 8. mars.

## **ORIENTERING – DISPENSASJON FRÅ UTDANNINGSKRAV VED ÅFJORDDALEN BARNEHAGE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Administrasjonen orienterer om dispensasjon frå utdanningskrav ved Åfjordalen Barnhage AS.

### **Saksopplysningar:**

Den 22. juni 2011 tok Hyllestad kommune imot to søknadar om dispensasjon frå utdanningskrav i Åfjorddalen Barnehage AS frå styreleiar i barnehagen. I Brev frå Hyllestad kommune til Åfjorddalen Barnehage den 23.06.2011 blir det gitt svar på begge dispensasjonssøknadane.

Den 02.08.2011 blir det skrive avviksmelding der det vert hevda at «Jf. reglement for administrasjonsutvalet pkt. 3.1.8 er det administrasjonsutvalet som har vedtaksmynde om dispensasjon for utdanningskrav etter barnehagelova.»

Det vert også hevda i avviket at «Praksis i kommunen har vore at dette har vore gitt av personalsjefen, i samråd med aktuell barnehagestyrar, når dette har vore aktuelt. Tilsettingsmyndet har her vore delegert til administrasjonen, og ein har hatt praksis for at dispensasjonssøknader òg har vore handsama administrativt.»

Kontrollutvalet ynskjer å få ei orientering frå administrasjonssjefen om det som faktisk har skjedd i denne saka og få ei orientering om korleis denne konkrete avviksmeldinga vart fylgd opp.

Kontrollutvalet vil også bli orientert om kva rutinar ein generelt har for oppfylging av avvik i Hyllestad kommune.

## **005/12 ORIENTERING – TAKSERING VED FASTSETJING AV EIGEDOMSSKATT**

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 09.02.2012.

| <b>Utval</b>    | <b>Dato</b> | <b>Utv.-<br/>Saksnr.</b> | <b>Status</b> | <b>Vedtaks-<br/>organ</b> |
|-----------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutvalet | 17.02.2012  | 03/12                    | -             | Ja                        |
| Formannskap     | -           | -                        | -             | Nei                       |
| Kommunestyret   | -           | -                        | -             | Nei                       |

### **Saksvedlegg**

#### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

#### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saka vart utsett til møte i kontrollutvalet i Hyllestad den 8. mars.

## **ORIENTERING – TAKSERING VED FASTSETJING AV EIGEDOMSSKATT**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Administrasjonen orienterer om taksering ved fastsetjing av eigedomsskatt..

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet ber administrasjonen om ei generell orientering om prosess ved fastsetjing av eigedomsskatt i Hyllestad kommune.

Kontrollutvalet ynskjer spesiselt å høyre om rutineane rundt taksering og krav til synfaring av eigedomar i samband med fastsetjing av eigedomsskatt.

## 005/12 ORIENTERING – SKULEBUDSJETT 2012

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 09.02.2012.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 17.02.2012 | 03/12            | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg:

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunestyresak 93/11 «Budsjett for 2012 og økonomiplan 2012 – 2015»
- Tilsynsrapport frå Fylkesmannen i Sogne og Fjordane – «Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø» - Hyllestad skule, datert 14.01.2012.
- Tilstandsrapport for grunnskulen i Hyllestad 2010.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saka vart utsett til møte i kontrollutvalet i Hyllestad den 8. mars.

## ORIENTERING – SKULEBUDSJETT 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen orienterer om skulebudsjettet 2012 i Hyllestad kommune.

### Saksopplysningar:

- 1. Innleiing:** « Kontrollutvalet har ikkje noko mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga, og utvalet kan heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjorde av folkevalde organ. Utvalet skal heller ikkje nyttast som arena for «omkamp» om politiske saker der fleirtalet i kommunestyret eller politiske utval har fatta eit vedtak. Kontrollutvalet skal heller ikkje vurdere om politiske vedtak er føremålstenlege. **Kontrollutvalet kan likevel uttale seg dersom kommunestyret har treft eller er i ferd med å treffe eit vedtak som vil vere ulovleg»** (Sitat frå Kontrollutvalsboka s. 32.) Kommunestyret sitt vedtak vedkommande driftsbudsjettet var samrøystes. Her føreligg såleis ingen fare for at kontrollutvalet sine innspel kan oppfattast som ein «omkamp». Eit mogleg innspel frå kontrollutvalet bør ha fokus på tilhøvet til lov og regelverk der alle bør ha interesse i at gjeldande lov og føresegn vert respektert og etterlevd.
- 2. Nokre aktuelle dokument:** Tilstandsrapport for grunnskulen i Hyllestad 2010, handsama i kommunestyret 23. juni 2011. Tilsynsrapport frå Fylkesmannen hausten 2011. Sak 93/11 Budsjett 2012 og økonomiplan 2012 – 2015.
- 3. Generelt om budsjettframlegget og kommunestyret si handsaming:** Då budsjettet vart vedteke, oppstod eit manglande samsvar mellom verbalvedtaket på eine sida og taldelen av årsbudsjettet og økonomiplanen på den andre sida. Administrasjonssjefen gjorde i sak 013/12 framlegg om å rette opp dette mishøvet, og kommunestyret vedtok administrasjonen sitt framlegg til vedtak. Ved budsjetthandsaminga sak 93/11 vart ramma til skulen auka med kr 442 000, men det vart knytta føresetnader til bruken av denne auken. Det vart såleis føresett at borna i Prestefjæra skulle flytte opp på skulen med verknad frå 01.08.2012, og at «skulen finn plass for dei yngste elevane innanfor eige budsjett». I realiteten medførte ikkje denne auken ei forbetring av driftsbudsjettet, venteleg tvert om.
- 4. Tilhøvet til lov og regelverk:** I saksførelegget vart det opplyst at ein naudsynleg reduksjon av driftsramma som fylgje av den gjevne budsjettamma vil vere 60 timar med verknad frå 01.01.12 og ytterlegare 22 timar frå 01.08. Det vart konkludert med at «**Budsjettamma ikkje gjev rom for vidareføring av noverande omfang av drift og heller ikkje pålagde utviding av aktivitetar**». Opplysninga vart grunngjeven med at dei nemnde reduksjonane ikkje er mogleg å få til utan å bryte lovverket, og konkluderer med fylgjande: «**Skuleleiinga ser ikkje framlagt ramme for drifta som forsvarleg**.» Saksopplysninga frå skuleleiinga si side vert mellom anna knytt til

lovpålagde tiltak etter Opplæringslova § 5.1 for elevar med særskilde behov der ein må gå inn og omgjere einskildvedtak etter Forvaltningslova som er føresett å gjelde fram til 31.07.12. Det gjeld også tiltak etter § 2-8 i Opplæringslova der ein ikkje kan vidareføre gjeldande vedtak vedkommande norskopplæringa for framandspråklege elevar. Når det gjeld vedtak etter Forvaltningslova, gjeld særlege reglar om klageinstans, jf. Opplæringslova § 15-2. Det vert vidare vist til at ein ikkje har kunna gjennomføre lovpålagd symjeundervisning sidan 2009, og med den pålagde ramma vil ein ikkje kunne gjennomføre lovpålegget i kommande budsjettår heller. Det same gjeld utvida meirbehov som følgje av Stortingsmelding 22 og statsbudsjettet. I saksførelegget vert det vidare vist til at **«Læringsarbeidet til elevane og det faglege utviklingsarbeidet ved skulen vil verte råka av den økonomiske situasjonen og vil i mange høve ikkje vere forsvarleg om ramma ikkje blir auka»**, jamfør saksførelegget s. 8-9, der ein konkret viser til dei direkte fylgjene av vedtaket. Den pålagde ramma vil såleis medføre samanslåing av klassar og undervisning i spesialrom som ikkje er store nok og tilrettelagde med utstyr for så store klassar. Vedkommande skulen sin kompetanse er fylgjande presisert: **«Det er stor konkurranse om kvalifiserte lærarar, Hyllestad kommune står i fare for å miste naudsynt spisskompetanse.»** Kontrollutvalet legg til grunn at ovannemnde påpeiking er relatert til skuleeigaren sitt ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse, som er heimla i Opplæringslova § 10-8.

5. **Kontrollutvalet si vurdering:** Kontrollutvalet konstaterer at dei ovanfor nemnde vurderingane og konklusjonane frå skuleleiinga ikkje vart korrigerde, imøtegådde eller retta opp i administrasjonssjefen si utgreiing. Dei vart heller ikkje fylgde opp eller imøtegådde av kommunestyret. Dermed vert desse saksopplysningane ståande som faktum i saka. På dette grunnlaget ser kontrollutvalet det som viktig å gå nærare inn på fylgjande punkt:
- a) Fare for at læringsarbeidet til skulen vil verte råka og ikkje vil vere forsvarleg om ramma ikkje vert auka. Kontrollutvalet legg til grunn at omgrepet «forsvarleg» er knytta til Opplæringslova § 13-1, Plikt for kommunen til å sørge for grunnskoleopplæring og spesialpedagogisk hjelp, og § 13-10, Ansvarsomfang.
  - b) Tilhøvet til opplæringslova § 5-1 for elevar med særskilde behov. Fare for manglande rett til opplæring. Einskildvedtak etter Forvaltningslova med fylkesmannen som klageinstans., jf Opplæringslova § 15 – 2.
  - c) Tilhøvet til § 2-8 i opplæringslova der det blir opplyst at ein ikkje kan vidareføre gjeldande vedtak vedkommande norskopplæring for framandspråklege elevar.
  - d) Manglande oppfylging av lovpålagd symjeundervisning sidan 2009, og manglande oppfylging av avviket i budsjettet for 2012.
  - e) Samanslåing av klassar og undervisning i rom som ikkje er store nok og tilrettelagde med utstyr for så store klassar.
  - f) Manglande løyvingar for utvida meirbehov som følgje av Stortingsmelding 22 og føringar/pålegg i statsbudsjettet.
  - g) Fare for å misse naudsynt spisskompetanse, jf. Opplæringslova § 10-8.
6. **Førebels konklusjon:** For kontrollutvalet ser det så langt ut til å føreliggje fare for at ovannemnde avvik frå regelverket i skulen punkt a-f, ikkje er blitt/blir fanga opp av skuleeigar representert ved administrasjonssjefen? Ovannemnde

omstende er i alle høve så langt ein kan sjå ikkje kommentert eller fylgt opp av administrasjonssjefen eller kommunestyret.

Så langt ein kan sjå ligg det heller ikkje føre opplysningar i økonomiplanen som skal sikre at moglege avvik under punkta a – g er blitt fanga opp og eventuelt kan bli retta opp dei kommande åra. Det er såleis relevant å stille spørsmålet om skuleeigar har rutinar/ein plan for oppfylging og retting av avvik? I dette konkrete tilfellet – vert spørsmålet om skuleeigar har ein plan for oppfylging av ovannemnde, moglege avvik punkt a – g.

## 006/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I HYLLESTAD

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

**Dato:** 09.02.2012

| Utval         | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|---------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 17.02.2012 | 006/12           | -      | Nei               |
| Formannskap   |            | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyre  |            | -                | -      | Ja                |

### Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hyllestad kommune vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hyllestad kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

## **ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I HYLLESTAD**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret

### **Saksopplysningar:**

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Hyllestad kommunestyre

## ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Hyllestad kommune har i år 2011 vore samansett slik:

### Medlemer frå 01.01.2011 – 06.10.2011

Jan Olav Gjede (leiar)

Frode Akse

Connie Hovland

### Varamedlemer:

Martha Systad Iden

Steinar Urnes

### Medlemer frå 06.10.2011– 31.12.2011

Håkon S Giil (leiar)

Sylvia Helms(nestleiar)

Stein Arne Solheim

Øyvind Høie

Reidun skår

### Varamedlemer:

Monica Ekreskar

Frank Høgmo

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det ei eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Hyllestad hatt fire møte der det er handsama i alt 23 saker.

Kontrollutvalet har valt nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt; "Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering til politisk nivå". Prosjektet vart tinga frå KRYSS-revisjon i mars 2011.

Kontrollutvalet har også ved høve kalla inn rådmannen for å orientere om saker. Såleis har administrasjonen vore i kontrollutvalet og orientert om sektor for Pleie og omsorg.

| Postadresse                | Kontoradresse   | E-post        | Telefon                                                            | Telefaks    | Org nr.     | Bankgiro      |
|----------------------------|-----------------|---------------|--------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

På førespurnader frå Forum for Kontroll og Tilsyn har kontrollutvalet godkjent at FKT får legge revisjonsrapportar handsama i kontrollutvalet i Gulen ut på heimesida si.

Kontrollutvalet har handsama oppdragsansvarleg revisor si eiga vurdering av uavhengigheit og sendt denne over til kommunestyret til orientering.

I samband med at vi har gått inn i ein ny valperiode med nyvalt kontrollutval, har Sekom-sekretariat orientert om rolla og oppgåvene til sekretariatet for kontrollutvalet, rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og møterutinar.

I møtet den 16.12.2011 tinga kontrollutvalet overordna analyse som grunnlag for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 – 2015 frå KRYSS-revisjon.

Kontrollutvalet vedtok at dei har som intensjon at faste medlemar i kontrollutvalet skal delta på kontrollutvalsopplæring på Skei den 23.01.2012.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama "Møteplan for kontrollutvalet 2011", "Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet", "Årsrekneskapen 2010 for Hyllestad kommune".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å følge med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Hyllestad den 17. februar 2012.

Håkon Gull  
(Leiar)

Sylvia Helms  
Sylvia Helms

Stein Arne Solheim  
Stein Arne Solheim

Øyvind Høie  
Øyvind Høie

Monica Ekreskar  
Monica Ekreskar

| Postadresse                | Kontoradresse   | E-post        | Telefon                                                            | Telefaks    | Org nr.     | Bankgiro      |
|----------------------------|-----------------|---------------|--------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|---------------|
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 21 | post@sekom.no | 57 82 22 90 At<br>976 15 363 At<br>57 82 02 00 Vø<br>951 39 762 Vø | 57 72 20 10 | 987 631 554 | 3705.08.32571 |

## 007/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I HYLLESTAD 2012

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

**Dato:** 09.02.2012

| Utval         | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|---------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 17.02.2012 | 007/12           | -      | Ja                |
| Formannskap   |            | -                | -      |                   |
| Kommunestyret |            | -                | -      |                   |

### Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2012.
- Møteplan Hyllestad kommune.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad for 2012 vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Korrigert møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad for 2012 vert godkjent.

Saksutgreiing

## **MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I HYLLESTAD 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad for 2012.

### **Saksopplysningar:**

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL HYLLESTAD KOMMUNE 2012

| MÅNAD         | JAN    | FEB | MAR | APR | MAI | JUN | JUL | AUG | SEP | OKT | NOV | DES |
|---------------|--------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|
| KONTROLLUTVAL |        | 17. | 8.  |     | 7.  |     |     |     | 27. |     |     | 3.  |
| FORMANNSKAP   | 11/26. |     | 15. |     | 10. | 14. | 5.  | 23. | 27. | 1.  | 29. |     |
| KOMMUNESTYRE  | 12.    | 9.  |     | 26. |     | 28. |     |     | 6.  | 18. | 15. | 13. |

# 008/12 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 16.02.2011

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 10.02.2012 | 008/12           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      |                   |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      |                   |

## Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 07. februar.2012.

## Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.  
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

## Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Hyllestad kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07. februar.2012 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

## Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Hyllestad kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07. februar.2012 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing

## **VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

### **Saksopplysningar:**

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Hyllestad kommune, har i brev datert 07. februar.2012 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i KommuneLOVEN § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Hyllestad kommune.

*Til Kontrollutvalet  
i Hyllestad kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2012\  
Erklæring2012Hyllestad

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

04 / 2012

Dokumentdato:

7. februar 2012

## VURDERING AV UAVHENGIGHEIT HYLLESTAD KOMMUNE

### Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

### Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

---

#### Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. 57 75 60 97  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

#### Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular  
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde  
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

#### Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. 57 78 85 47  
E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

**Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:**

|                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Pkt. 1:<br>Tilsettingsforhold                                                                                  | <i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| Pkt. 2: Medlem i styrande organ                                                                                | <i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit | <i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Pkt. 4: Nærstående                                                                                             | <i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet              | <p><i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p> |
| Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)            | <i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige                                                        | <i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Hyllestad kommune.</i>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |

|                               |                                                                                                                                                                |
|-------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Pkt. 8: Andre særlige forhold | <i>Underteikna kjenner ikkje til andre særlige forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Hyllestad kommune.</i> |
|-------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Førde den 7. februar 2012

Kommunerevisjonen  
Førde og Sunnfjord  
Tollvege 437, 6301 Lunde  


Terje Førde  
Oppdragsansvarleg Revisor i Hyllestad kommune

Kopi:

Hyllestad kommune v/Rådmannen

Hyllestad kommune v/Ordføreren

## **009/12 MEDLEMSKAP I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN**

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 10.02.2012

| <b>Utval</b>  | <b>Dato</b> | <b>Utv.-<br/>Saksnr.</b> | <b>Status</b> | <b>Vedtaks-<br/>organ</b> |
|---------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutval | 17.12.2012  | 009/12                   | -             | Ja                        |
| Formannskap   |             | -                        | -             |                           |
| Kommunestyre  |             | -                        | -             |                           |

### **Saksvedlegg.**

- Informasjonsfoldar om Forum for Kontroll og Tilsyn.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kontrolutvalssak 15/11 «Budjsett for drift av kontrollutval».

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet i Hyllestad melder seg inn i Forum for Kontroll og Tilsyn.

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

- Kontrollutvalet i Hyllestad melder seg inn i Forum for Kontroll og Tilsyn.

Saksutgreiing

## **MEDLEMSKAP I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Innmelding i Forum for Kontroll og Tilsyn.

### **Saksopplysningar:**

FKT sitt føremål:

- Ein møte- og kompetanseplass for menneske som arbeidar med kontroll- og tilsynsfunksjon i kommunar, Sametinget og fylkeskommunar.

Forumet sine primære oppgåver:

- Styrke kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid med kontroll og tilsyn.
- Vere pådrivar i arbeidet med fagleg utvikling av kontrollutvala og sekretariata.
- Vere ein arena for erfaringsutveksling.
- Styrke kontrollutvala og sekretariata sin kompetanse som tingar av revisjonsoppdrag.

FKT arrangerer konferansar der medlemmer få rimelegare pris enn ikkje medlemmer.

FKT har nært samarbeid med KS, som er ein pådrivar overfor kommunane.

Heimeside: [www.fkt.no](http://www.fkt.no).

Innehald:

- informasjon
- diskusjonsforum
- opplæringsprogram (for t.d. nye kontrollutval)
- lukka medlemssider
- svar på brev sende til departementet

Kontingent: 0 – 5.000 innbyggjarar Kr. 1.100,-  
5.000 – 20.000 Kr. 3.300,-  
frå 20.000 Kr. 5.500,-.

I sak 15/11 «Budjett for drift av kontrollutval» vart det vedteke å bruke 1.100,- på kontingentar.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

SEKOM-sekretariat og 14 av 15 kommunar som SEKOM-sekretariat er sekretariat for har vore medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn i fleire år. Vi ser på dette som eit godt tilbod, og vi tilrår kontrollutvalet å melde seg inn.

## 010/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 10.02.2012

| Utval         | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|---------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutval | 17.02.2012 | 010/12           | -      | Ja                |
| Formannskap   |            | -                | -      |                   |
| Kommunestyre  |            | -                | -      |                   |

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Hyllestad.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslist 1-2012 Hyllestad vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingslist 1-2012 Hyllestad vert teken til vitande.

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 1 – 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 10. februar 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 1-2012 - Hyllestad.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hyllestad kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp                                                                                   | Dato     | Merknad          | Status                                                                                                                                                                                                                                                                        |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak                                                                      | 17.11.09 |                  | 17.11.09: Vedtak KU:<br>- Orientering frå adm om einingane.<br>- Tertialrapportar som SM.<br>- Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som SM.<br>- Kvalitetsrapportar revisor.<br>- Orientering frå revisor om revisjon generelt og om status i revisjonsarbeidet 1 – 2 g. i året. |
| 02/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering. | 08.03.11 | Frist 28.02.2012 | 08.03.11 Tinging "Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering." Godkjent.<br>08.03.11 Sendt til KRYSS for operasjonisering.                                                                                                                            |
| 013/11 skriv og meldingar                                                                                | 28.09.11 |                  | 28.09.11 Vedtak KU – Teke til vitande.                                                                                                                                                                                                                                        |
| 014/11 Orientering Pleie- og omsorgsektoren.                                                             | 28.09.11 |                  | 28.09.11 Vedtak KU – Administrasjonssjefen si orientering vert teken til vitnde.                                                                                                                                                                                              |
| 015/11 Budsjett 2012 drift av kontrollutvalet                                                            | 28.09.11 |                  | 28.09.11 Vedtak KU – Tilrår eit budsjett på 28000,- drift av kontrollutval.                                                                                                                                                                                                   |
| 016/11 Oppfølgingsliste 3-2011 Hyllestad                                                                 | 28.09.11 |                  | 28.09.11 Vedtak KU - Oppfølgingsliste 3 teken til vitande.                                                                                                                                                                                                                    |
| 017/11 Eventuelt                                                                                         | 28.09.11 |                  | 28.09.11 Det vart ikkje teke opp skar under eventuelt.                                                                                                                                                                                                                        |
| 018/11 Godkjenning innkalling og sakliste                                                                | 09.12.11 |                  | 09.12.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.                                                                                                                                                                                                        |
| 019/11 Skriv og meldingar.                                                                               | 09.12.11 |                  | 09.12.11 Vedtak KU: Skriv og meldingar vert teke til vitande.                                                                                                                                                                                                                 |
| 020/11 Opplæring                                                                                         | 09.12.11 |                  | 09.12.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemer og varamedlemer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halsen på Skei 23. januar 2012.                                                                                                       |
| 021/11 Overordna analyse                                                                                 | 09.12.11 |                  | 09.12.11 Vedtak KU: kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.                                                                                                                                                                                              |
| 022/11 Oppfølgingsliste 4-2011 Hyllestad.                                                                | 09.12.11 |                  | 09.12.11 Vedtak KU: Oppfølgingsliste 4-2011 Hyllestad vert teken til vitande.                                                                                                                                                                                                 |
| 023/11 Eventuelt.                                                                                        | 09.12.11 |                  | 09.12.11 Vedtak KU: Det vart ikkje teke opp saker under «eventuelt».                                                                                                                                                                                                          |
|                                                                                                          | 09.12.11 |                  | 09.12.11 Vedtak KU:                                                                                                                                                                                                                                                           |
|                                                                                                          | 09.12.11 |                  |                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|                                                                                                          | 09.12.11 |                  |                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|                                                                                                          |          |                  |                                                                                                                                                                                                                                                                               |

Oppdatert 10.02.12.

## 011/11 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 09.02.2012

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 17.02.2012 | 011.12           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyre    | -          | -                | -      | Nei               |

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

## 014/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 29.02.2012.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 08.03.2012 | 014/12           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg

- SM 06-12: Brev frå Sunnfjord Miljøverk IKS til representantskapsmedlemmene i SUM – Varsel om planlagt representantskapsmøte / Årsmøte i Sunnfjord Miljøverk IKS; Fredag 27. april.
- SM 07-12: Brev frå KRYSS-revisjon til Hyllestad kommune v/Rådmannen – Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, m.v, datert 6. januar 2012..
- SM 08-12: Brev frå administrasjonssjefen i Hyllestad kommune til KRYSS-revisjon – Rådmann sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 08.02.2012.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Vår sakshandsamar: Håkon Grepstad

Vår dato  
2012.02.24

|                                                         |                                                                                                         |
|---------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Til (pr post og e-post):                                | Kopi pr e-post:                                                                                         |
| <b>Representantskapsmedlemmene i SUM, faste og vara</b> | Representantskapsleiar Gjerland<br>Medlemskommunane<br>KRYSS-revisjonen og SEKOM<br>Dei faste styremedl |

Namn representantskapsmedlemmene:

|           | Namn fast              | e-post                             |  | Namn personleg vara  | e-post                              |
|-----------|------------------------|------------------------------------|--|----------------------|-------------------------------------|
| JØLSTER   | Ragnhild Sæle          | ragnhild.saele@eninvest.net        |  | Audun Høyvik         | audhoevv@online.no                  |
| JØSTER    | Anders Kristian Sægrov | saegrov@hotmail.com                |  | Jan Ove Flaten       | joflaten@online.no                  |
| NAUSTDAL  | Trude Meek             | trude.meek@eninvest.net            |  | Arne Kjell Folkestad | arnefolk@sart.no                    |
| NAUSTDAL  | Anne Britt Øyra        | anne-britt.oyra@hotmail.com        |  | Stian Grimseth       | sg@gravdal.no                       |
| ASKVOLL   | Onar Osland            | onar.staale.osland@helse-forde.no  |  | Marit Klausen        | arne@klausen.no                     |
| ASKVOLL   | Linda Landøy           | linda.landoy@eninvest.net          |  | Oddbjørn Aalen       | oddbjorn.aalen@fellesforbundet.no   |
| FJALER    | Kjetil Fristad         | kjetil_fri@yahoo.no                |  | Kåre Eimind          | kaeimind@online.no                  |
| FJALER    | Ida Ravnøy             | idaravnøy@hotmail.com              |  | Anita Nyland Skaar   | skanita@start.no                    |
| GAULAR    | Mathias Råheim         | mathias.raheim@gaular.kommune.no   |  | Anita Eide Kvamme    | anita.eide.kvamme@gaular.kommune.no |
| GAULAR    | Grim Erik Gillestad    | grim.gillestad@felleskjopet.no     |  | Heidi Vallestad      | hei-val@online.no                   |
| HYLLESTAD | Svein Reidar Dale      | svein-reidar.dale@vassbakk.no      |  | Yvonne Dale          | yvonne.loland@havyard.com           |
| HYLLESTAD | Ivar Systad            | ivar.systad@eninvest.net           |  | Anne Karin Eiken     | ake@skivenes.no                     |
| FØRDE     | Olve Grotle            | olve.grotle@forde.kommune.no       |  | Christina M. Kvamme  | ck@xform.no                         |
| FØRDE     | Iris Loftheim          | iris.loftheim@gmail.com            |  | Ove Varlid           | ovarlid@online.no                   |
| FØRDE     | Jan Taule              | jtaule@c2i.net                     |  | Sindre Roska         | sindre.roska@gmail.com              |
| FØRDE     | Terje Gjertsen         | tgj@lottstift.no                   |  | Gro Indrebø          | gro@ffosfj.no                       |
| FØRDE     | Norvall Nøringset      | norvall.noringset@forde.kommune.no |  | Ole Fosse Fardal     | ole.fosse.fardal@sv.no              |

## VARSEL OM PLANLAGT REPRESENTANTSKAPSMØTE / ÅRSMØTE I SUNNFJORD MILJØVERK IKS; FREDAG 27. APRIL 2012 kl. 11

Etter kontakt med representantskapsleiar Nils Gjerland (leiar til val i Årsmøtet), vert faste og vara varsla om planlagt representantskapsmøtet fredag 27. april 2012.

**Dersom nokon av dei faste representantane veit at de ikkje kan møte 27. april 2012 slik at vara må kallast inn; Gi oss melding straks!**

Vi har frå kommunane fått oppgitt e-postadresser til alle representantane, faste og vara. Difor går denne meldinga både pr. post og som e-post til representantskapsmedlemmene

**Saklista til representantskapsmøtet vil følgje selskapsavtalens bestemmelsar, jf. Lov om interkommunale selskap:**

|                                                                                                      |               |             |               |                    |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|-------------|---------------|--------------------|
| Postadresse                                                                                          | Besøksadresse | Telefon     | Bankkonto     | Organisasjonsnr.   |
| SUM                                                                                                  | Einestølen    | 57 72 41 50 | 3760 10 20069 | NO 970.921.915 mva |
| Einestølen                                                                                           | Førde         |             |               | <b>WEB</b>         |
| 6800 Førde                                                                                           |               |             |               | www.sum.sf.no      |
| Interkomm. renovasjon: Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal                  |               |             |               |                    |
| E:\Representantskapsmøte årsmøte 27. april 2012\2012.02.24 varsel om repr.sk.møte 27. april 2012.doc |               |             |               |                    |

## §5 Representantskapets mynde - oppgaver

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover, forskrifter og selskapsavtale I årsmøtet skal representantskapet handsame desse sakene:

- Skriftleg årsmelding frå styret.
- Revidert årsrekneskap frå styret.
- Fullmakter til styret.
- Val av leiar og nestleiar i representantskapet
- Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret
- Val av leiar og nestleiar til styret
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon.
- Fastsetjing av godtgjersle til representantskap og styre.

Dessutan skal representantskapet handsame:

- Styret sitt framlegg til langtidsbudsjett / økonomiplan og budsjett for neste driftsår.
- Framlegg frå styret om opptak av lån og pantsetjing av selskapet sin eigedom.
- Endring av selskapsavtalen i samsvar med § 13.
- Eventuelle andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.

Det vert elles vist til "Lov om interkommunale selskaper" §9

**Sakstilfanget i tilknytning til saklista innteken ovanfor, vert sendt ut før møtet og når styret har førebudd sakene.**

Styret er fram til årsmøtet slik samansett:

| Kommune   | Fast medlem               | Personleg vara         |
|-----------|---------------------------|------------------------|
| Askvoll   | Steinsland Aud Kari       | Melvær Frida           |
| Førde     | Vallestad Turid           | Bengtsson Anna Elfrida |
| Førde     | Haugsvær Bjørn-Harald     | Hatlem Turid           |
| Hyllestad | Soltveit Amund            | Tønning Atle           |
| Gaular    | Lunde Henrik, leiar       | Horsevik Arild         |
| Fjaler    | Hjelle Erling             | Østrem Liv             |
| Jølster   | Dvergsdal Gerd, nestleiar | Sandal Jakob Andre     |
| Naustdal  | Kvame Harald              | Grimseth Stian         |

**Som vedlegg til E-post (ikkje pr post) følgjer:**

- Gjeldande selskapsavtale; Folketalet er oppdatert pr. 01.01.12 slik avtalen fastset.

«Lov om interkommunale selskaper» finn de på Internett: <http://www.lovdata.no/all/nl-19990129-006.html>

## Vedkommande kjønnskvaltering, frå IKS-lova § 10:

### § 10. Styret og styrets sammensetning

Selskapet skal ha et styre på minst tre medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter åttende eller niende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst fem medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter tiende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst syv medlemmer. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende.

### Aksjeloven § 20-6:

#### § 20-6. Representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskaper

(1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.

Med helsing



Håkon Grepstad, dagleg leiar SUM

Telefon 90544754

E-post: [haakon.grepstad@sum.sf.no](mailto:haakon.grepstad@sum.sf.no)

Hyllestad kommune  
v/Rådmannen  
6957 Hyllestad

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\misleghaldtilsyn12/tf12

Arkivkode:

216

Journalnr.:

02 / 2012

Dokumentdato:

6. januar 2012

## RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Hyllestad Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande egne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

*Regionskontor for kommunane:*

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

*Regionskontor for kommunane:*

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: [postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
  - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
  - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
  - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2012.

Florø/Hyllestad, den 9. januar 2012

Med helsing

Kommunerevisjonen  
 Høylandet og Sunnfjord  
 Postboks 487, 6801 Førde

Torje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef  
 (sign.) Dagleg leiar/Revisjonssjef

Aud Marit Nyland Eide  
 Kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet  
 Ordføraren

SM 08-12

# HYLLESTAD KOMMUNE

Administrasjonssjefen

KOMMUNEREVISJONEN  
Ytre Sogn og Sunnfjord  
KRYSS-REVISJON

Dato: 13.02.2012 Off:  
Sak nr. 011-2012 Regnr.:  
Arkiv: 216  
Avd.kode: 1413  
Sakshandsamar T.F.

Kryss-revisjon

Postboks 487

6801 FØRDE

Vår ref.:

Arkivsaknr.: 12/64-2/ TRH

L.nr.: 12/1181

Dykkar ref.:

\\misleghaldtilsyn12/tf12

Arkivkode:

K1-033, K1-026

Dato:

08.02.2012

## Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald

Hyllestad kommune syner til brev av 6. januar 2012 frå Kryss Revisjon (Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord) om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald.

Administrasjonssjefen (rådmannen) i Hyllestad kommune har etter nøye vurdering kome fram til at risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald, er yttarst minimal.

Dei tilsette i kommunen som arbeidar med rekneskap og budsjett har brei kompetanse og røynsle. Samstundes har kommunen sine reglement klare føringar for korleis økonomiske transaksjonar skal handterast. Dessutan er det med bakgrunn i desse reglementa etablert gode rutinar for korleis fakturaer skal handsamast og attesterast før dei vert sende til ubetaling. Rådmannen meiner at kommunen har gjort nødvendige tiltak i alle ledd for å redusere risiko for misleghald.

Kommunen si organisering og haldning til oppdatering og utdanning av tilsette, er òg med på å redusere risikoen for misleghald. I tillegg har dei tilsette i vår kommune eit godt nettverk av kompetente medarbeidarar i nabokommunane og HAFS-området å spele på lag med i sitt daglege arbeid. Samstundes deltek våre medarbeidarar hyppig i fagleg oppdatering på ulike nivå.

Gjennom drøftingar i dei månadlege leiargruppemøta hjå oss, vert etiske og forvaltningspraktiske saker handsama. Kommunen har månadlege rapporteringar frå dei ulike einingane for å kunne ha betre kontroll og styring med økonomien. Etter mi meining er dette eit tiltak for tidleg å kunne avdekke og dermed ytterlegare reduser risikoen for eventuell uregelmessig åtferd i vår organisasjon. Rutinane for rapportering er stadig under vurdering og vert korrigert i tråd med vunnen erfaring for å gjere dei månadlege kontrollane best muleg.

Kommunestyret har gjennom handsaminga av mellom anna økonomireglement og delegasjonsreglement vore med på å legge på plass gode rutinar for føring og kontroll av rekneskap. I vår kjem kommunestyret til å ha ei justering av dei nemnde reglementa for å gjere rutinane våre endå betre.

Postadr.: 6957 HYLLESTAD  
Telefon: 57 78 95 00  
Telefaks: 57 78 86 95  
E-post: postmottak@hyllestad.kommune.no

Org.nr. 964 967 547  
Bankkonto skatt: 6345.06.14132  
Bankkonto: 3837.07.00319  
Web-adresse: www.hyllestad.kommune.no

Som administrasjonssjef har eg ikkje kjennskap til faktisk, mistenkt eller påstått misleghald i Hyllestad kommune.

Administrasjonssjefen har heller ikkje kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til relasjonar til nærstående partar og transaksjonar med desse.

Med helsing

Trond H. Nedrebø  
Administrasjonssjef

*Saksh. direktetlf: 57789503*

## 015/12 ORIENTERING – SKULEBUDSJETT 2012

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 28.02.2012.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 08.03.2012 | 15/12            | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg:

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunestyresak 93/11 «Budsjett for 2012 og økonomiplan 2012 – 2015»
- Tilsynsrapport frå Fylkesmannen i Sogne og Fjordane – «Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø» - Hyllestad skule, datert 14.01.2012.
- Tilstandsrapport for grunnskulen i Hyllestad 2010.
- Kontrollutvalssak 005/12 Orientering – skulebudsjett 2012.
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek orienteringa frå administrasjonssjefen/rektor til vitande.
- Kontrollutvalet tilrår at Hyllestad kommunestyre tek saksutgreiinga frå kontrollutvalet og orienteringa frå administrasjonssjef/rektor til vitande. Kontrollutvalet tilrår vidare at kommunestyret kjem attende til saka i samband med fyrste, føreståande budsjettregulering i 2012 og vedtak om rammetimetalet for skuleåret 2012 – 2013.

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

## ORIENTERING – SKULEBUDSJETT 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen orienterer om skulebudsjettet 2012 i Hyllestad kommune.

### Saksopplysningar:

- 1. Innleiing:** «Kontrollutvalet har ikkje noko mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga, og utvalet kan heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjorde av folkevalde organ. Utvalet skal heller ikkje nyttast som arena for «omkamp» om politiske saker der fleirtalet i kommunestyret eller politiske utval har fatta eit vedtak. Kontrollutvalet skal heller ikkje vurdere om politiske vedtak er føremålstenlege. **Kontrollutvalet kan likevel uttale seg dersom kommunestyret har treft eller er i ferd med å treffe eit vedtak som vil vere ulovleg**» (Sitat frå Kontrollutvalsboka s. 32.) Kommunestyret sitt vedtak vedkommande driftsbudsjettet var samrøystes. Her føreligg såleis ingen fare for at kontrollutvalet sine innspel kan oppfattast som ein «omkamp». Eit mogleg innspel frå kontrollutvalet bør ha fokus på tilhøvet til lov og regelverk der alle bør ha interesse i at gjeldande lov og føresegn vert respektert og etterlevd.
- 2. Nokre aktuelle dokument:** Tilstandsrapport for grunnskulen i Hyllestad 2010, handsama i kommunestyret 23. juni 2011. Tilsynsrapport frå Fylkesmannen hausten 2011. Sak 93/11 Budsjett 2012 og økonomiplan 2012 – 2015.
- 3. Generelt om budsjettframlegget og kommunestyret si handsaming:** Då budsjettet vart vedteke, oppstod eit manglande samsvar mellom verbalvedtaket på eine sida og taldelen av årsbudsjettet og økonomiplanen på den andre sida. Administrasjonssjefen gjorde i sak 013/12 framlegg om å rette opp dette mishøvet, og kommunestyret vedtok administrasjonen sitt framlegg til vedtak. Ved budsjetthandsaminga sak 93/11 vart ramma til skulen auka med kr 442 000, men det vart knytta føresetnader til bruken av denne auken. Det vart såleis føresett at borna i Prestefjæra skulle flytte opp på skulen med verknad frå 01.08.2012, og at «skulen finn plass for dei yngste elevane innanfor eige budsjett». I realiteten medførte ikkje denne auken ei forbetring av driftsbudsjettet, venteleg tvert om.
- 4. Tilhøvet til lov og regelverk:** I saksførelegget vart det opplyst at ein naudsynleg reduksjon av driftsramma som fylgje av den gjevne budsjettamma vil vere 60 timar med verknad frå 01.01.12 og ytterlegare 22 timar frå 01.08. Det vart konkludert med at **«Budsjettamma ikkje gjev rom for vidareføring av noverande omfang av drift og heller ikkje pålagde utviding av aktivitetar»**. Opplysninga vart grunngjeven med at dei nemnde reduksjonane ikkje er mogleg å få til utan å bryte lovverket, og konkluderer med fylgjande: **«Skuleleiinga ser ikkje framlagt ramme for drifta som forsvarleg.»** Saksopplysninga frå skuleleiinga si side vert mellom anna knytt til

lovpålagde tiltak etter Opplæringslova § 5.1 for elevar med særskilde behov der ein må gå inn og omgjere einskildvedtak etter Forvaltningslova som er føresett å gjelde fram til 31.07.12. Det gjeld også tiltak etter § 2-8 i Opplæringslova der ein ikkje kan vidareføre gjeldande vedtak vedkommande norskopplæringa for framandspråklege elevar. Når det gjeld vedtak etter Forvaltningslova, gjeld særlege reglar om klageinstans, jf. Opplæringslova § 15-2. Det vert vidare vist til at ein ikkje har kunna gjennomføre lovpålagd symjeundervisning sidan 2009, og med den pålagde ramma vil ein ikkje kunne gjennomføre lovpålegget i kommande budsjettår heller. Det same gjeld utvida meirbehov som fylgje av Stortingsmelding 22 og statsbudsjettet. I saksførelegget vert det vidare vist til at **«Læringsarbeidet til elevane og det faglege utviklingsarbeidet ved skulen vil verte råka av den økonomiske situasjonen og vil i mange høve ikkje vere forsvarleg om ramma ikkje blir auka»**, jamfør saksførelegget s. 8-9, der ein konkret viser til dei direkte fylgjene av vedtaket. Den pålagde ramma vil såleis medføre samanslåing av klassar og undervisning i spesialrom som ikkje er store nok og tilrettelagde med utstyr for så store klassar. Vedkommande skulen sin kompetanse er fylgjande presisert: **«Det er stor konkurranse om kvalifiserte lærarar, Hyllestad kommune står i fare for å miste naudsynt spisskompetanse.»** Kontrollutvalet legg til grunn at ovannemnde påpeiking er relatert til skuleeigaren sitt ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse, som er heimla i Opplæringslova § 10-8.

5. **Kontrollutvalet si vurdering:** Kontrollutvalet konstaterer at dei ovanfor nemnde vurderingane og konklusjonane frå skuleleiinga ikkje vart korrigerte, imøtegådde eller retta opp i administrasjonssjefen si utgreiing. Dei vart heller ikkje fylgde opp eller imøtegådde av kommunestyret. Dermed vert desse saksopplysningane ståande som faktum i saka. På dette grunnlaget ser kontrollutvalet det som viktig å gå nærare inn på fylgjande punkt:
- a) Fare for at læringsarbeidet til skulen vil verte råka og ikkje vil vere forsvarleg om ramma ikkje vert auka. Kontrollutvalet legg til grunn at omgrepet «forsvarleg» er knytta til Opplæringslova § 13-1, Plikt for kommunen til å sørgje for grunnskoleopplæring og spesialpedagogisk hjelp, og § 13-10, Ansvarsomfang.
  - b) Tilhøvet til opplæringslova § 5-1 for elevar med særskilde behov. Fare for manglande rett til opplæring. Einskildvedtak etter Forvaltningslova med fylkesmannen som klageinstans., jf Opplæringslova § 15 – 2.
  - c) Tilhøvet til § 2-8 i opplæringslova der det blir opplyst at ein ikkje kan vidareføre gjeldande vedtak vedkommande norskopplæring for framandspråklege elevar.
  - d) Manglande oppfylging av lovpålagd symjeundervisning sidan 2009, og manglande oppfylging av avviket i budsjettet for 2012.
  - e) Samanslåing av klassar og undervisning i rom som ikkje er store nok og tilrettelagde med utstyr for så store klassar.
  - f) Manglande løyvingar for utvida meirbehov som fylgje av Stortingsmelding 22 og føringar/pålegg i statsbudsjettet.
  - g) Fare for å misse naudsynt spisskompetanse, jf. Opplæringslova § 10-8.
6. **Førebels konklusjon:** For kontrollutvalet ser det så langt ut til å føreliggje fare for at ovannemnde avvik frå regelverket i skulen punkt a-f, ikkje er blitt/blir fanga opp av skuleeigar representert ved administrasjonssjefen? Ovannemnde

omstende er i alle høve så langt ein kan sjå ikkje kommentert eller fylgt opp av administrasjonssjefen eller kommunestyret.

Så langt ein kan sjå ligg det heller ikkje føre opplysningar i økonomiplanen som skal sikre at moglege avvik under punkta a – g er blitt fanga opp og eventuelt kan bli retta opp dei kommande åra. Det er såleis relevant å stille spørsmålet om skuleeigar har rutinar/ein plan for oppfylging og retting av avvik? I dette konkrete tilfellet – vert spørsmålet om skuleeigar har ein plan for oppfylging av ovannemnde, moglege avvik punkt a – g.

7. **Orientering 17.02 – skulebudsjettet 2012.** Etter å ha motteke innkalling til møtet 17. februar melde administrasjonssjef Nedrebø frå om at han ville vere forhindra frå å vere fysisk til stades under høyringa. Men han ville kunne fylgje saka på telefon, og i hans stad ville konstituert rektor Hildegunn Hatlem møte. Kontrollutvalet la denne ordninga til grunn for orienteringa.

Administrasjonssjefen innleia orienteringa med å vise til den dårlege økonomiske utviklinga hausten 2011, med fare for underskot på 2011-rekneskapen kring 3 – 4 millionar. Han viste vidare til at kommunestyret under budsjetthandsaminga tilførte skulebudsjettet 2012 kr 422 000, at ein no er oppe i eit prosjektarbeid, at ein for tida vurderer leige av paviljongar for å betre romsituasjonen, og at ein må komme attende til driftssituasjonen. Han gav deretter ordet til konstituert rektor.

Konstituert rektor Hildegunn Hatlem presiserte innleiingsvis at skulen hadde levert eit budsjettframlegg som lojalt heldt seg innanfor den tildelte ramma, men at dette fekk dei konsekvensane som er blitt påpeika i saksførelegget. Ho orienterte deretter om situasjonen innanfor dei einskilde punkta nemnde kontrollutvalet sitt saksførelegg under punkt 5 **Kontrollutvalet si vurdering.**

- a) Fare for at læringsarbeidet vil verte råka og ikkje vil vere forsvarleg om ramma ikkje vil verte auka. Rektor viste til at det har skjedd ein del endringar på skulen sidan skuleåret starta i august. Det ser i dag ut til at ein ikkje ligg på kollisjonskurs med Opplæringslova § 13 - 1 sitt krav om forsvarleg grunnskoleopplæring og spesialpedagogisk hjelp.
- b) Når det gjeld tilhøvet til § 5 – 1, rett til spesialundervisning for elevar med særskilde behov, viste rektor mellom anna til samhandlingsreforma og at ein her har teke grep innanfor lova sine rammer. Vedkommande einskildvedtak er fylkesmannen inne som klageinstans for å sikre den einskilde sine rettar, noko som medverkar til at her vil ein ikkje kunne halde seg innanfor budsjetttramma.
- c) Vedkommande § 2 – 8, framandspråklege elevar, viste rektor til at det skjedde endringar i januar ved at to elevar flytta frå kommunen. Men i august vil det melde seg nye behov.
- d) Den lovpålagde symjeopplæringa vert ikkje gjennomført, mellom anna på grunn av personalsituasjonen, manglande kompetanse. Budsjetttramma hadde heller ikkje rom for denne aktiviteten. Her føreligg det eit pålegg frå fylkesmannen.
- e) Samanslåinga av klassar, som vart varsla i budsjettframlegget, er ikkje gjennomført fordi ein ikkje har funne det forsvarleg.

- f) Vedkommande meirbehov som fylgje av Stortingsmelding 22 og føringar/pålegg i statsbudsjettet arbeider ein med å fylgje opp moglege pålegg. Dette vil kunne medføre at budsjettet ikkje vil halde.
  - g) Når det gjeld faren for å misse naudsynt spisskompetanse, viste rektor til at budsjettprosessen har skapt frustrasjon blant personalet, og medverka til at utdanna lærar har søkt seg til ein annan kommune.
- 8. Sekretariatet si vurdering:** Sekretariatet legg til grunn at i hovudsak får elevane ei undervisning i samsvar med rett og plikt nedfelt i Opplæringslova. Eit unntak er den manglande symjeopplæringa der det føreligg eit pålegg frå fylkesmannen, jf. punkt d.

Sekretariatet viser elles til orienteringane under punkt b, c, e og f der ein ikkje har kunna tilretteleggje eit forsvarleg undervisningsopplegg innanfor den tildelte budsjettramma. Slik ein forstår situasjonen er omgrepet forsvarleg her knytt til Opplæringslova § 13 – 1, jamfør punkt 5a og 7a ovanfor.

# 016/12 ORIENTERING – DISPENSASJON FRÅ UTDANNINGSKRAV VED ÅFJORDDALEN BARNEHAGE

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 28.02.2012.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 08.03.2012 | 16/12            | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

## Saksvedlegg

- Reglement for Administrasjonsutvalet – Vedteke i K-sak 73/95, 06.10.95, Gjeldande frå 19.10.95. (Gamalt reglement gjeldande til 20.12.2011.)
- Kommentar til avviksmelding frå administrasjonssjefen.

## Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Delegasjonsreglement frå administrasjonssjefen til stabsleiarar, tenesteleiarar og andre tilsette i Hyllestad kommune.
- Reglement for Administrasjonsutvalet – Vedteke i Hyllestad kommunestyret 20.12.2011, sak 88/11.
- Brev frå Styreleiar i Åfjordalen Barnehage «Søknad om dispensasjon frå utdanningskrav», arkivnr. 10/502-6, datert 14.juni. 2011 (**Ikkje offentleg**)
- Brev frå Styreleiar i Åfjordalen Barnehage «Søknad om dispensasjon frå utdanningskrav», arkivnr. 10/502-7, datert 14.juni. 2011. (**Ikkje offentleg**)
- Brev frå Hyllestad kommune til Åfjorddalen Barnehage «Søknader – dispensasjon frå utdanningskrav» datert 23.06.2011. (**Ikkje offentleg**)
- Avviskmelding – «Gjeld dispensasjon frå utdanningskravet for tilsette i Åfjordalen Barnehage AS.» datert 2.8.2011.

## Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding til vedtak.

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

## **ORIENTERING – DISPENSASJON FRÅ UTDANNINGSKRAV VED ÅFJORDDALEN BARNEHAGE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Administrasjonen orienterer om dispensasjon frå utdanningskrav ved Åfjordalen Barnhage AS.

### **Saksopplysningar:**

Den 22. juni 2011 tok Hyllestad kommune imot to søknadar om dispensasjon frå utdanningskrav i Åfjorddalen Barnehage AS frå styreleiar i barnehagen. I Brev frå Hyllestad kommune til Åfjorddalen Barnehage den 23.06.2011 svarar administrasjonssjefen på dispensasjonssøknadane og gir dispensasjon frå utdanningskrava på begge søknadane.

Den 2. august blir det oppretta avviksmelding der det blir hevda at prosessen rundt dispensasjonen ikkje har vore i tråd med praksis i Hyllestad kommune.

I kommentar til avviksmeldinga skriv administrasjonssjefen at det ikkje har vore avklara kven som skulle ha det overordna ansvaret og at det er ein ny situasjon for kommunen å ha ein privat barnehage å ta omsyn til.

Kontrollutvalet kalla inn administrasjonssjefen til møte den 17.02.12 for å få ei orientering om saka og for å få ei orientering om korleis denne konkrete avviksmeldinga vart fylgd opp. Administrasjonssjefen orienterte Kontrollutvalet i saka i møte pr. telefon i dette møtet, men kontrollutvalet vedtok å utsetje saka til neste møte for å få ytterlegare orientering frå administrasjonssjefen.

I tillegg å få belyst handtering av denne konkrete avviksmeldinga, ynskjer kontrollutvalet å bli orientert om rutinar ved handtering av avviksmeldingar generelt i Hyllestad kommune.

Administrasjonssjefen er kalla inn til møte i kontrollutvalet den 8. mars 2012.

*GAMALT REGLEMENT*

**REGLEMENT  
FOR  
ADMINISTRASJONS-  
UTVALET**

**Hyllestad kommune**



**Vedteke i K-sak 73/95, 06.09.95. Gjeldande frå 19.10.95.**

## REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVALET

Vedteke i Hyllestad kommunestyre 6.9.95, sak 73/95.

### § 1 Heimel

Administrasjonsutvalet er skipa med heimel i kommunelova § 25.1 samt Hovudavtalen § 13-1.

### § 2 Samansetnad og val

1. Utvalet består av 7 medlemmer med varamedlemer. 5 av medlemmene er folkevalde, medan 2 er utpeikt av arbeidstakarorganisasjonane.

*Utvidet til 3 repr. frå valballeken i 2003.*  
 Dei 5 folkevalde skal vera dei same som sit i formannskapet. -- *Utvidet til 7 frå valballe 03.*

2. Kommunestyret vel dei folkevalde medlemmene og varamedlemer til utvalet, og blant medlemmene leiar og nestleiar.

3. Dersom eit medlem fell frå eller vert løyst frå vervet, vel kommunestyret nytt medlem. Trer leiaren endeleg ut av organet, vel kommunestyret ny leiar.

4. Arbeidstakarane sine medlemmer av utvalet har same rettar og plikter som dei som er valde av kommunestyret. Men dei kan likevel ikkje veljast til - eller delta i - forhandlingsutval eller førebuing til lønsforhandlingar eller andre forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane.

### § 3 Arbeids- og ansvarsområde

1. Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i løns-, personal- og organisasjonssaker og skal arbeida med dei sakene som vedkjem kommunen som arbeidsgjevar.

Dette ansvaret gjeld og for skulesektoren, jf. grunnskulelova §§ 20, 21.1-3 og 24.1-2.

2. Utvalet gjer vedtak og gjev tilrådingar til kommunestyret innafor dei rammer og etter dei retningslinjer som til ei kvar tid er fastsett i lov og avtaleverk.

### 3. Saker der utvalet har vedtaksmynde:

- 3.1.1 Tilsetja i alle faste stillingar der myndet ikkje er lagt til kommunestyret.
- 3.1.2 Tilsetja mellombels og konstituera der tilsetjingsmyndet i regelverk ikkje er lagt til andre instansar.
- 3.1.3 Vedta instruksar for alle stillingar der utvalet kan tilsetja.
- 3.1.4 Avgjera søknader om permisjonar der dette i permisjonsreglementet ikkje er lagt til nokon annan.
- 3.1.5 Avgjera tvistemål om tolking og praktisering av avtalar.
- 3.1.6 Vedta instruksar for alle stillingar der utvalet kan tilsetja.
- 3.1.7 Vedta retningsliner for tilsetjings- og rekrutteringsprosedyrar, samt for andre aktivitetsområde utvalet har ansvaret for.
- 3.1.8 Vedtak om dispensasjon for utdanningskrav etter barnehagelova § 17 og nr. 1 og 3 i føresegnene.
- 3.1.9 Oppseiing av arbeidstakarar der utvalet har tilsetjingsmynde.

### 3.2 Saker det utvalet har uttalerett på vegne av kommunane og tilrådingsmynde til overordna kommunalt organ:

- 3.2.1 Ved tilsetjingar der kommunestyret har tilsetjingsmynde.
- 3.2.2 Oppseiing av arbeidstakarar der kommunestyret har tilsetjingsmynde.
- 3.2.3 Skiping, omgjerding og inndraging av stillingar.
- 3.2.4 Uttalar om framlegg til avtalar og protokollar på fylkes- og landsnivå.
- 3.2.5 Tilrådingar om stillingsinstruksar for stillingar der kommunestyret tilset.
- 3.2.6 Tilrådingar om organisasjons- og bemanningsplanar.
- 3.2.7 Tilrådingar om innføring av ny teknologi og vesentleg omlegging av tekniske hjelpemiddel.
- 3.2.8 Ta avgjerd og gje uttalar i saker som elles høyrer naturleg inn under utvalet.

#### § 4 Mindretalsanke

I saker der utvalet har avgjerdsrett, kan eit mindretal krevja saka lagt for kommunestyret. Ordførar og rådmann, eller den som møter i deiras stad, kan også anka saka.

Kravet om anke må fremjast før møtet er slutt og protokollerast.

#### § 5 Saksgang

I saker der hovudutvalet tilrår, vert det gjort direkte til kommunestyret dersom ikkje reglement og retningsliner seier noko anna.

#### § 6 Hovudutvalet sine møter

1. Hovudutvalet har møte når det sjølv fastset det, leiaren finn det påkrevd eller når minst 3 av medlemene krev det, jf. kommunelova § 32.1.
2. Leiaren set opp sakliste og kallar utvalet saman til møte. Innkallinga og sakstilfanget til møtet skal i regelen sendast ut til medlemene og varamedlemer med frist på 5 dagar før møtet, innkallingdagen medrekna, men ikkje møtedagen.
3. Utvalet kan og gjera vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 3 av dei møtande medlemene motset seg dette, jf. kommunelova § 34.1.
4. Utvalet er vedtaksføre når 4 av medlemene er til stades, jf. kommunelova § 33. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Om røystetal står likt, er møtestyraren si røyst avgjerande bortsett frå ved val, jf. kommunelova § 35.1.
5. Ordførar har møte- og talerett i utvalet. Det same har administrasjonssjefen personleg eller ved ein av sine underordna.
6. Det skal førast møtebok frå møta. Utskrift vert sendt til medlemene og andre som har fått tilsendt saksdokumenta innan ei veke etter at møtet er halde.

#### § 7 Opne møte og teieplikt

1. Møta i utvalet skal haldast for opne dører dersom ikkje anna følgjer av lovbestemt teieplikt eller etter vedtak etter kommunelova § 31.
2. Debatten om dette går føre seg bak lukka dører dersom møtestyrar krev det eller utvalet vedtar det.

3. Når det er vedteke at ei sak skal handsamast for stengde dører, har dei som sit i utvalet og administrasjonen teieplikt om drøftingane og dei vedtak som er gjorde, så langt noko anna ikkje vert vedteke. Denne plikta varer til dess noko anna vert fastsett, eller til dess grunnane for vedtaket om stengde dørar har falle bort. Er det andre til stades når ei slik sak ligg føre, skal møtestyraren krevje teiingslovnad av dei.

## § 8 Sekretariatet sine oppgåver

Rådmannen står ansvarleg for utarbeiding av saksførelegg og gjev tilråding til utvalet.

Kontorsjefen møter på vegne av rådmannen i møta. Rådmannen peikar òg ut sekretær for utvalet.

Kontorsjefen har møte- og talerett, men ikkje framleggsrett i møtet. Han/ho kan ta med seg underordna tilsette, etatsjefar og sakshandsamarar i møte dersom sakene tilseier det.

## § 9 Forhandlingsutval

Kommunestyret vel tre av dei folkevalde i administrasjonsutvalet til medlemmer i forhandlingsutvalet. Kommunestyret vel òg leiar blant dei.

Kontorsjefen er på vegne av rådmannen sekretær for utvalet.

Forhandlingsutvalet førebur og gjennomfører forhandlingar med arbeidstakar-organisasjonane.

\*\*

Det vert elles vist til delegasjonsreglement for Hyllestad kommune, vedteke av kommunestyret i sak 71/95.

### Kommentar til avviksmelding:

Sidan dei fyrste drøftingane om den private barnehagen tok til, har det ikkje vore avklara kven som skulle ha det overordna ansvaret. Saka ble ganske tidleg plassert hos administrasjonssjef. Det er ein ny situasjon for kommunen å ha ein privat barnehage å ta omsyn til.

Administrasjonssjefen har difor teke det ansvaret som har vorten pålagd meg. Samstundes ser administrasjonssjefen – ut frå det som er teken opp i avviksmeldinga - at i sjølve prosessane knytt til handsaming av søknadar om dispensasjonar frå utdanningskrav kunne administrasjonssjefen ha rådført seg med og involvert barnehagekoordinator og kontor- og personalsjef.

Administrasjonssjefen finn det ikkje naturleg å handsame ein privat barnehage – eit aksjeselskap - i eit kommunalt organ (administrasjonsutvalet). Hyllestad kommunen har ansvar for at det vert ført tilsyn med barnehagane i kommunen. Administrasjonssjefen meiner at tilhøve mellom kommunen og den private barnehagen må takast i samband med slike tilsynsbesøk.

Det kan vere naturleg i samband med revisjonen av delegasjonsreglementet å vurdere tiltaket som EGS peikar på;

- delegerar punkt 3.1.8 i reglement for administrasjonsutvalet til administrasjonen
- fastslår kven som skal forvalte barnehageeigaransvaret i administrasjonen

Administrasjonssjef vil ta EGS sine synspunkt med i det vidare revisjonsarbeidet av delegasjonsreglementet.

Etter administrasjonssjefen si vurdering og erfaring er det unaturleg at administrasjonssjefen skal ha fagansvar for barnehage. Administrasjonssjefen har det overordna ansvaret, men ikkje fagansvar. Med den noverande organisering er det meir naturleg at koordinator for barnehagane skal forvalte barnehageeigaransvaret i administrasjonen.

I svarbrevet frå administrasjonssjef av 23. juni 2011 til Åfjorddalen barnehage vert det understreka at barnehagen må halde fram med rekrutteringsarbeidet for å betre fagmiljøet i barnehagen.

Frå barnehagen si side er det vist til at det har vore annonsert etter fagutdanna personar, utan å lukkast med dette arbeidet. Slik det kan sjå ut, er det berre gjennomført ei runde med annonsering.

Ut frå fleire omsyn, mellom anna det pågåande arbeidet med å samle barnehagar på Hyllestad, har administrasjonssjef – saman med barnehagekoordinator – teke initiativ til møte med Åfjorddalen Barnehage AS.. Eit dialogmøte er allereie avvikla. Ein slik dialog er viktig når ein no vurderar den totale økonomiske situasjonen for Hyllestad kommune. Åfjorddalen Barnehage AS vart i dialogmøtet gjord merksam på at den ikkje vil kunne pårekne ytterlegare dispensasjonar frå kravet om utdanning.

Administrasjonssjefen førebur no tilsyn av barnehagane i Hyllestad, også den private.

# 017/12 ORIENTERING – TAKSERING VED FASTSETJING AV EIGEDOMSSKATT

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 28.02.2012.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 08.03.2012 | 17/12            | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

## Saksvedlegg

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunestyrevedtak 081/06 Innføring av eigedomsskatt, datert 20.12.2012.
- Instruks for arbeidet med eigedomsskatt, datert 20.03.2007.
- Eigedomsskattevedtekter for Hyllestad kommune - Vedtekne av Hyllestad kommunestyre 16.05.07.
- Kontrollutvalssak 004/12 Orientering – Taksering ved fastsetjing av eigedomsskatt.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek orienteringa frå administrasjonen til vitande og ser saka som fullnøyande opplyst.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

## **ORIENTERING – TAKSERING VED FASTSETJING AV EIGEDOMSSKATT**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Administrasjonen orienterte om taksering ved fastsetjing av eigedomsskatt i Hyllestad kommune på møtet den 17.02.2012. Saka vart utsett.

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet kalla inn administrasjonssjefen den 17.02.2012 i sak 004/12 «Orientering – Taksering ved fastsetjing av eigedomsskatt» for å få ei generell orientering om prosess ved fastsetjing av eigedomsskatt i Hyllestad kommune.

Kontrollutvalet ynskte spesielt å høyre om rutineane rundt taksering og krav til synfaring av eigedomar i samband med fastsetjing av eigedomsskatt.

Administrasjonssjefen kunne ikkje møte, men var med under møtet på telefon. Det var Kjell Eide, sjef for Plan og Utvikling i Hyllestad kommune som å orientere kontrollutvalet om prosess ved taksering, synfaring og fastsetjing av eigedomsskatt i Hyllestad kommune. For å dokumentere prosessen la han fram kommunestyrevedtak 081/06 «Innføring av eigedomsskatt», «Eigedomsskattevedtekter for Hyllestad kommune» og «Instruks for arbeidet med eigedomsskatt».

Kontrollutvalet vedtok å utsetje saka til neste møte.

Administrasjonssjefen er kalla inn til møtet i kontrollutvalet den 8. mars.

## 018/11 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 29.02.2012

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 08.03.2012 | 018.12           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyre    | -          | -                | -      | Nei               |

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.